

Informasjon vi treng når du vil klage på eit vedtak

Denne informasjonen sender du oss enklast gjennom Mi side, og vi tilrår at du tek i bruk Mi side for å sende oss det vi spør etter. Gjennom Mi side får vi raskare rett informasjon frå deg.

- [Logg inn på Mi side her](#)

Sende oss informasjon utan å bruke Mi side

Om du ikkje har Mi side, eller ikkje ynskjer å bruke Mi side, kan du skrive ned informasjonen vi treng og sende inn til oss.

For at vi skal kunne vurdere klagen din på ein god måte, er det viktig at du viser til kva for delar av vedtaket du er ueinig i, og kvifor du er ueinig. Ver så konkret som mogleg når du skildrar kva du er ueinig i.

Her er informasjonen du må sende oss når du ynskjer å klage på eit vedtak:

- Saksnummeret ditt
- Kvifor du vil klage
- Om du meiner at erstatningskravet ditt og kommentarane dine er feil attgjevne, fortel oss kvifor du meiner det.
- Kommenterar til samandraget av sjukehistoria, om du har.
- Om du er ueinig i vedtaket, eller delar av vedtaket, fortel oss kvifor.
- Andre kommenterar til vedtaket, eller nye opplysingar.

Send inn til oss

Send informasjonen inn til oss gjennom vanleg post eller til Digipostkassa til NPE. Hugs å setje Norsk pasientskadeerstatning som mottakar når du sender inn gjennom Digipost.